

Planområde 2			
Tiltak	Argument for tiltak	Konsekvensar for å gjennomføre tiltaket	Kostnad/ innsparing
Tiltak 1. Vurdere å legge ned Byrte barnehage Pr 01.08 er det 6 born (7 plassar) Ros analyse, vedlegg 1	* Å halde oppe ein liten barnehage med få barn og lite personal, er dårleg ressursutnytting i høve det samla barnehagetilbodet i kommunen. * Rekrutterinutfordringar- vanskeleg å få kvalifisert personale. Det har vore hyppig skifte av personal i Byrte barnehage som påverkar relasjonsarbeidet. * Erfaring syner at det er færre born i gj.snitt pr dag en det føresette har søkt om. * Små einingar er meir sårbare ved sjukefråver, og ein Slit med å få tak i vikarar. * Personal frå andre barnehagar(Dalen spesielt) blir beordra til Byrte ved fråver, dette er krevjande . Dette er uheldig for både born og personale. * Ujamn belastning: Barnegruppene på Dalen får Redusert vaksendekning, når personal blir flytta opp til Byrte. * Noko som kan påverke både tryggleik, trivsel og kvalitet på avdeling.	* Å legge ned barnehagen fører til lengre reiseveg for barna. * Å legge ned nærbarnehagen kan svekke grunnlaget for framtidig busetting. * Aldersblanda grupper i barnehagen har fleire pedagogiske fordelar: Dei eldste får erfaringar med å vere rollemodellar og ta ansvar, utvikle empati og tolmod på tvers av alder. * Lokalbarnehagen skapar tilknytning til bygda der du veks opp	1 400 000 kr

	* Kompetanseutvikling og fagleg samarbeid innad i barnehagen og med andre blir sterkt redusert med eit lite personal.(vanskeleg å reise i frå) * Å oppretthalde ein så liten barnehage, kan føre til motsett effekt i høve busetting i Byrte. Nokon føresette ynskjer eit tilbod for barnet sitt der ein har eit breiare fagmiljø, større barnegrupper som gir born fleire å spele på, og meir stabilitet. Nokre foreldre kjenner på eit press til å nytte nærbarnehagen uansett organisering. <u>Barns beste vurderingar:</u> * Få born betyr mindre variasjon i leikekameratar. * Aldersblanda grupper kan vere utfordrande i tilrettelegging i leik og samspel * Overgang mellom barnehage skule krev større rammer i Byrte for å følge opp. Fulltidsbarnehage for alle våre barnehagar er til barns beste. Løysingar med 3 dagarsbarnehage der føresette likevel må nytte ein anna barnehage, er ikkje til barns beste, spesielt ikkje for dei yngste borna.		
<u>Tiltak 2.</u> Vurdere å legge ned Åmdals Verk	* Å få tak i kvalifisert barnehagepersonell er generelt ei utfordring i kommunen, også ved Åmdals Verk.	* Pr.dato er det ein god auke i antall born som skal gå i Åmdals Verk barnehage.	Frå haust 2026 må ein auke ressursane med ca

barnehage (frå 2026) Bør vurderast frå 2027 dersom stor nedgang i plassar Ros analyse, vedlegg 2	* Ein klarar ikkje å oppfylle den pedagogiske normen. * Det er relativt kort avstand til Dalen barnehage. * Barnehagen ligg i grenseland i høve bemanningsnorm, og eit nytt born vil utløyse behov for auka bemanning. * Om det er nedgang i barnetalet, må ein tilpasse barnehagestrukturen. I 2027 vil det vere fleire born som skal på skulen.	* Pr. dato er det stabil bemanning. * Åvos er ein barnehage med god plass inne og flotte uteområde. * Å legge ned nærbarnehagen kan svekke grunnlaget for framtidig busetting. * Aldersblanda grupper i barnehagen har fleire pedagogiske fordelar: Dei eldste får erfaringar med å vere rollemodellar og ta ansvar, utvikle empati og tolmod på tvers av alder. * Pr. dato er Åmdals Verk eit tilflyttingsområde av fleire yngre som har busett sett seg. Lokalbarnehagen kan vere ein årsak til dette.	100 % pga av auke av bornetal. Ein eventuell nedlegging frå haust 2026 vil truleg ha ein liten innsparing då ein må opne 6. avdeling i Dalen barnehage som må bemannast. Ca kr 500 000
Tiltak 3. Vurdere å flytte ungdomsskulen i Høydalsmo til Dalen frå haust 2027 (ny skule) Pr. dato er elevtalet i ungdomstrinnet: 21 stk Føresetnad at ny Tokke skule er rigga og at	* Økonomisk innsparing * Styrke fagmiljø og kvalitet for alle ungdomsskuleelevar Når alle elevane går på ein skule, kan ein samle lærarkreftene og fagkompetanse på ein plass (td. språkfag og musikk). Det gjev moglegheit til eit styrka fagmiljø og undervisningskvalitet. * Klasser med få elevar er sårbart i høve inkludering og sosial utvikling. Større elevmiljø gir fleire moglegheiter, det er fleire å spele på , både fagleg og sosialt.	* Lærarar på små skular kjenner elevane godt og kan tilpasse undervisninga betre. * Liten ungdomsskule kan ha større fleksibilitet, tilpasse og finne kreative løysingar. * Verdien av å ha 1-10-skule i nærmiljøet – tilhørighet til lokalsamfunnet * Elevane må bruke meir tid på buss. * Mistar høve til å flytte elevar mellom Tokke og Høydalsmo, der vi har erfart at	2 800 000 kr

klasserom er «store» nok. Ros analyse, vedlegg 3		det har vore løysing i vanskelege skulemiljøsaker. * Barneskulen vil tape på å miste både lærarkompetansen (som me dreg nytte av på tvers av bs – us), samt elevane på ungdomsskulen (rollemodellar, vennskap, miljø..) * Vanskeleg å få tak i lærarar med rett fagkompetanse på ein så liten barneskule. * Overgang frå barneskule til ungdomsskule kan vera tryggare og meir forutsigbar når eleven slepp å byte skule.	
Tiltak 4. Redusere grunn – bemanning Totalt 350% 200% skule 100% bhg (Høydalsmo) 50% kulturskule 100% kjøkkenteneste (Dalen barnehage)	Reduksjon i grunnbemanning er eit målretta tiltak som reduserar lønnskostnadar og <i>utgjer ein betydeleg innsparingskostand for etaten.</i> <u>Skule</u> * Skulane i Tokke har hatt ei god grunnbemanning. Ei justering mot meir effektiv drift kan gi innsparingar utan at det går ut over kvaliteten på tilbodet. * Fjerning av stillingar i skulen, særleg støttefunksjonar og ikkje-undervisningsrelaterte stillingar, gir Innsparingar som ikkje nødvendigvis går på akkord med kjerneoppgåvene.	Redusert bemanning <i>kan gi høgare arbeidspress, auka sjukefråver, og lågare trivsel blant tilsette, som igjen fører til dårlegare tilbod for ungane.</i> <u>Skule</u> * Kan føre til svekka kvalitet på det pedagogiske tilbodet, og svekka evne til å følge opp sårbare born med særskilde utfordringar. * Redusert bemanning fører til større elevgrupper og mindre tid til individuell oppfølging.	2 850 000 kr 680 000 kr

Ros analyse, vedlegg 4	* Ved synkende elevtal kan bemanning justerast ned utan at det går direkte ut over undervisningstilbodet. Skulane kan vurdere alternative organiseringar, for å bruke ressursane smartare. <u>Barnehage</u> * Må rette seg etter minimumsbemanning, lovkrav. * Barnehagane i Tokke har hatt ei god grunnbemanning. Ei justering mot meir effektiv drift kan gi innsparingar utan at det går ut over kvaliteten på tilbodet.	* Mindre vaksenkapasitet i klasserom og skulemiljø kan føre til meir uro. * Ein reduksjon i bemanning kan få konsekvensar for å drive førebyggjande arbeid. * Samla får skulen mindre kapasitet til å jobbe systematisk med tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid. * Reduksjon i bemanning fører til smalare fagkompetanse. <u>Barnehage</u> God nok grunnbemanning er avgjerande for å levere kvalitet. Ein er redd for redusering i grunnbemanning fører til at Kvaliteten på det pedagogiske arbeidet går ned, då planlegging, refleksjon og fagleg utvikling kan bli nedprioritert. * Mindre vaksenkontakt og tryggleik. * Meir krevjande med: - Tidleg innsats. - Tverrfagleg arbeid kan bli redusert. * Færre tilsette må dekke fleire oppgåver som kan føre til høgare sjukefråvær og auka vikarbehov. * Kjøkkenteneste og vikarbank fell bort/blir redusert. * Kutt i bemanning kan føre til lengre	
--------------------------------------	---	---	--

	<u>Kulturskulen</u> * Er ikkje lovbestemt, berre at det skal vere ein rektor. Tokke har pr dags dato mange tilbod og mange deltakerar. * Kulturskulen i Tokke har hatt ei god grunnbemanning. Ei justering mot meir effektiv drift kan gi innsparingar. Driv pr dags dato svært dyrt. * Gruppeundervisning kan effektivisere til ein viss grad, utan at det går ut over tilbodet.	ventelister. Løpande opptak kan felle bort. <u>Kulturskulen</u> * Færre lærarar betyr færre elevplassar og mindre breidde i fagtilbodet. Færre elevar får det tilbodet dei ynskjer, lengre Ventelister. * Viktige arenaer for meistring og Fellesskap kan bli svekka- kulturskule er også ein viktig samfunnsbyggjar. * Kan føre til svekka samarbeid med skule og barnehage, då kulturskulen bidreg ofte i tverrfaglege prosjekt. * Det blir vanskelegare å rekruttere til små stillingar, då kulturskulen har særlege fagspesifikke lærarar.	
Tiltak 5. Vaksen-opplæringa , bemanning 50% Berre tilbod etter lov. Færre grupper.	* Det er ein merkbar nedgang i deltakarar i vaksenopplæringa. * Samanslåing av grupper/klasser for å betre utnytting av ressursar. * Ei justering mot meir effektiv drift kan gi innsparingar utan at det går ut over kvaliteten på tilbodet.	* VO krev ofte tett oppfølging, tilpassa opplæring og individuell rettleiing. * Kvaliteten på opplæringa blir svekka. * Kortsiktig innsparing, men på lengre sikt fører til redusert opplæring i språk og dårlegare integrering.	400 000 kr

Redusere bemanning.			
Tiltak 6. Vurdere ressurs til administrasjon – kvar avdeling (innsparing må vurderast i samband med tiltak 4)	* I ein innsparingsprosess må også ressurs til administrasjon vurderast nøye. Gjennomgang av oppgåver , skaffe oversikt over kva som kan forenklast, bli gjort meir effektivt kan gi betre utnytting av ressursane. > Innsparing må eventuelt takast under grunnbemanning.	* Når ein reduserar ressursar til administrative oppgåver, må desse oppgåvene moglegeins fordelast på andre i eininga. * Svekka administrasjon kan føre til manglande oppfølging av viktige rutinar Og oppfølging av regelverk Oppfølging lovpålagte oppgåver kan bli svekka. * Mindre tid til utviklingsarbeid, fagleg oppdatering	-----
Tiltak 7. Redusere ekskursjonsplan	* Ekskursjonar kan vere kostbare , både for oppvekst og den einskilde familie i form av dugnad og pengar. * Ekskursjonar tek tid frå ordinær undervisning. Ved å redusere kan ein sikre meir kontinuitet i undervisninga. * Planlegging og gjennomføring av større turar med overnatting, krev mykje tid og ressursar frå lærarar, som kan bli nytta førebuing av kjerneoppgåver. Studietur til Polen * Årleg innsparing kring 200.000,- Har vore gjenstand for mykje bråk og konflikhtar i foreldregruppa , spesielt i samband med dugnadsarbeid.	* Mindre praktisk og variert læring * Mindre livmeistring og erfaringar * Mindre motivasjon og trivsel * Arenaer kor ein styrkar samhald og inkludering blir svekka.	Polen - 180 000 kr

	* Grad av utbytte i høve modning. Nokon er for unge til å ta innover seg innhaldet i turen. Vinterleirskulen * Vinterleirskulen blir ofte kostbar når det gjeld bemanning av lærarar, grunna døgnkontinuerleg ansvar og matutgifter. Redusere til ein overnatting.	* Vinterleirskulen er meir enn berre ein tur-den kombinerar fag, sosialt fellesskap og aktivitetar. * Blir meir stressande med ein overnatting, færre aktivitetar og innhald.	Vinterleirskule – 20 000 kr
Tiltak 8. Følge Telemarksavtala Ikkje gje gratis/redusert pris til barnehage - skuleplass til nabokommunar.	* Det er uheldig å praktisere eigne ordningar i høve refusjon. Ei felles avtale med andre vil skape betre forutsigbarheit og kommunikasjon mellom kommunane. * Ressursar bør gå til å sikre gode tenester til eigne innbyggjarar. Vi må sørge for at vi får inntekter på lik linje med dei andre.	* Ingen konsekvens enn for andre kommunar. Vi har ingen ansvar for innsparing for andre kommunar. Pr. August 2025 – 4 elevar i skule og 1 born i barnehage	300 000 kr
Tiltak 9. Redusere opningtid i symjehall til 2 – 3 mnd i Høydalsmo.	* Innsparing driftskostnadar oppvarming, reinhald,	* Redusert aktivitetstilbod for alle, tap av folkehelseilbod og svømmeopplæring.	Teknisk
Tiltak 10. Reduksjon av digitale fagprogram i	* Ukritisk bruk av digitale verktøy og program kan gje overflatelæring og lite rom for refleksjon og tenking. * Kostnad sett opp mot elevaktivitet, læring og utbytte er		kr 70 000 kr

skulen /kritisk gjennom kva som blir bruka	vanskeleg å måle. * Ein reduksjon vil føre til auka bevisstheit kring kva for program skulen bør nytte.		
Tiltak 11. Fjerne/reducere ikkje lovpålagte stillingar. Ros analyse, vedlegg 5	Fjerne miljøterapeutstilling * Etaten skal spare store summar og må prioritere lovpålagte oppgåver og stillingar. * Miljøarbeidar er ingen lovpålagt stilling i skulen. * Nokre av oppgåvene ein miljøarbeider gjer overlappar med det kontaktlærer, sosillærer eller helsesjukepleiar allereie gjer. * Ved omorganisering ,planlegging og samarbeid kan oppgåvene dekkast utan ein eigen miljøarbeidar. * Det kan vere vanskeleg å måle den konkrete effekten Ein miljøarbeidar har på skulemiljøet	* Miljøarbeidar har ei rolle i høve arbeidet kring trygt og godt skulemiljø. * Kan vere tett på , der mange av konfliktane oppstår, samt aktivt bidra til trivsel og aktivitetar i friminutta. * Jobbar førebyggjande og er viktig i planlegging av skulens samla tiltak i høve skulemiljøet til elevane(kap. 12). * Fjerning av miljøterapeut går ut over dei mest sårbare elevane, som treng tettare oppfølging, for å hindre at dei feil utanfor. <u>Barns stemme:</u> * Barn og unge meiner det er positivt med miljøterapeut inn i skulen. Ved å fjerne miljøterapeut kan barn oppleve at dei ikkje blir lytta til og høyrte i saker som dei har uttala seg om. * Miljøterapeut avlastar/støttar til skulemiljøet som har fått arbeidspress aukande utfordringar i elevmassa, då skuleoppdraget har endra seg.	1 650 000 kr

		* Det viktigaste med rolla til miljøarbeidar er at skulen får anna fagkompetanse inn, spesielt i kompliserte saker.	
Reduksjon av miljøterapeutar til ein stilling som det var tidlegare (60 + 40%) er eit alternativ,- men ingen god løysing. Miljøterapeuten får då 3 dagar på Tokke skule, og 2 dagar i Høydalsmo. Dette var krevjande med tanke på oppfølging og kontinuitet for dei borna som treng ekstra oppfølging. Dei andre kommunane i Vest Telemark har miljøterapeut i følgjande stillingar: Nissedal 75%, Kviteseid 100% (pr dags dato har dei ikkje dette), Edland 0%, Rauland kjem til å søkje om 70%, Seljord har tilsvarende løysingar (ungdomslos, vernepleiar) og Fyresdal har 100%.			
Tiltak 12. Syskenmoderasjon i SFO og barnehage etter lovkrav. (Lovkrav barnehage: 30% barn nr. 2 og gratis for barn nr.3 og fleire)	* Innføre søskenmoderasjon i barnehage og SFO i tråd med lovverk vil gje auka inntekter. * Det er pr i dag blitt svært reduserte prisar i SFO og barnehage > 12 timar gratis sfo i veka for 1- 3 kl. > Makspris i barnehage er sett ned til 700 kr. * Ein meir kostnadsriktig pris for syskenmoderasjon i SFO kan bidra til at familiar vurderar behov meir nøye, og frigjere kapasitet og reduserar presset på SFO-plassane.	<u>Borns beste</u> Ein veit at lange dagar i barnehagen (for dei minste) kan føre til stress, overstimulering og redusert trivsel. * Redusert opningstid kan gjere det vanskeleg, særleg for aleineforeldre og dei som ikkje har fleksibilitet hjå arbeidsgivar	30 000 kr
Tiltak 13. Reduksjon i opningstider i barnehage. (og SFO)	* Direkte innsparing- kan redusere på personal * Reduksjon i opningstid gir betre arbeidsvilkår, mindre slitasje og monaleg lågare sjukefråver <u>Borns beste</u>	* Redusert opningstid kan gjere det vanskeleg, særleg for aleineforeldre og dei som ikkje har fleksibilitet hjå arbeidsgivar.	50 000 kr

	Ein veit at lange dagar i barnehagen (for dei minste) kan føre til stress, overstimulering og redusert trivsel.		
Tiltak 14. Auke timepris SFO+kost	* Satsane har ikkje vore endra på fleire år. Stor auke i til dømes matvareprisar.	*Bør ikkje bli den store konsekvensen for den enkelte familie. Både barnehageprisar og sfo har gått svært mykje ned dei siste åra.	20 000 kr
Tiltak 15. Redusere bruk av materiell og utstyr. I barnehage og skule.	* Mykje utstyr og høgt forbruk av materiell betyr nødvendigvis ikkje betre læring. * Færre, men meir gjennomtenkte og allsidige materiell kan gje betre læringsutbytte. * Personal kan bli meir bevisst på kva som faktisk trengs, og kva som gir mest pedagogisk verdi. * Kan føre til smartare innkaup og betre ressursutnytting. * Nytte moglegheiten til å lære born og elevar om ressursbruk og bærekraft.	* Personal i barnehage og skule treng gode verktøy/utstyr for å gjere ein god jobb. * Ny læreplan vektlegg praktisk undervisning, krev meir materiell og utstyr enn før.	50 000 kr
Tiltak 16. Fjerne stønad til VGS til tur og ekskursjonar.	* Støtte til turar og ekskursjonar ved vidaregåande skule Er ikkje ei kommunal pliktoppgåve. * Vest-Telemark er eigd og driven av fylkeskommune og det er naturleg turar og ekskursjonar blir finansiert gjennom fylkeskommunen .	* Ekskursjonar kan vere eit trekkplaster for elevar som vurderar å gå på Vest – Telemark vidaregåande skule	350 000 kr
Tiltak 17. Redusere eller endre DKS tilbod	* Endrar ein tilbodet til at innleigde aktørar (med fast honorar) og/eller kulturskulelærarar (i si stilling) reiser ut til skulane med DKS-opplegg kan ein tilpasse så ein	* Mindre kulturhistorie, og høve til å bli kjent med eiga kommune.	40 000 kr

Lokal DKS er å «bli kjend i eigen kommune». Her reiser elevane til ulike delar av kommunen, og vert kjend med eigenarten og kulturhistoria til dei ulike grendene. Med auka prisar på skyss, har vi etter kvart brukt meir pengar, primært på busstransport av elevar, enn det vi får i tilskot.	berre brukar tilskotet kommunen får kvart år frå fylkeskommunen. Då får ein likevel eit variert kulturelt tilbod av kvalitet som ikkje går over budsjett.	* Alternativ und.arena. Eit alternativt tilbod med opplegg ut til skulane kan også bli bra og leggast opp til at kostar omtrent det vi får i tilskot.	
Tiltak 18. Fjerne gratis kontingentar i kulturskule. Vurdere færre tilbod (kjem som ein konsekvens av innsparing) Vurdere at desentralisert	* Ved å fjerne gratis kontingentar kan ein auke kulturskulens inntekar noko. * Problem med gratisordningar kan vere mindre forpliktelse til å møte opp på øving. * Kulturskulen kan konsentrere seg om undervisningsprosenten på dei mest populære tilboda.	* Reduserar sjansen for inkludering og førebygging av utanforskap * Reduserar sjansen for sosial ujevning og like moglegheiter for utvikling av kreative ferdigheiter for alle. * Reduksjon av barns rett til å delta i kunst og kulturliv. * Reduserar sjansen for inkludering og førebygging av utanforskap * Barn i Høydalsmo er i fare for å få mindre	40 000 kr (korps, Vgs, flyktningar)

Innsparing ungdoms - klubben > Kurs og samlinger > Grad av tilbud.	* Det er mange ulike bank og stiftelser kor ein kan søke om eksterne midlar, for slik å redusere kostnader kring kurs og arrangement for ungdomsklubben. * Erfaring viser at dyre band ikkje har resultera i større oppmøte.	* Redusert kompetanseheving for personal, samt samarbeid med andre ungdomsklubbar.	50 000 kr
---	---	--	------------------

Oversikt over antall born i skulen pr. 01.08 - 25:

	1 klasse	2 klasse	3 klasse	4 klasse	5 klasse	6 klasse	7 klasse	8 klasse	9 klasse	10 klasse
Tokke skule	13	16	12	15	12	11	21	17	18	24
Høydalsmo	5	8	2	9	7	5	7	7	5	9
Samla sum:	18	24	14	24	19	16	28	24	23	33

- Det vil vere mogleg å flytte elevar frå ungdomsskulen i Høydalsmo frå haust 2026,- men bør eventuelt vente til haust 2027 pga av byggeprosess. Haust 2025 er det totalt **33 elevar** (markera med raudt) Dette er for høgt med tanke på samanslåing.

Oversikt over antall born i barnehagane pr 01.08 - 25:

Byrte barnehage		0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
6 born	7 plassar	1	1		2	1	2

- Frå haust 2026: Mogleg 5 born

Åmdals V. barnehage		0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
14 born	20 plassar	4	2	4	1	7	1

- Pr dags dato fult i høve bemanning. Frå haust 2026: Mogleg 18 born/24 plassar (må auke bemanning!)
- Frå 2027: Mogleg 11 born +

Høydalsmo barnehage		0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
25 born	36 plassar	2	4	7	8	3	3

- Pr dags dato er det ledige 6 plassar. Frå haust 2026: Mogleg 24 born

Dalen barnehage		0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
55 born	78 plassar	6	11	12	11	10	11

- Pr dags dato er det ledig 12 plassar (5 avdeling) Frå haust 2026: Mogleg 50 born

